

# FUSA KYRKJEBLADE

Nr. I

Påske 2024

Årgang 90 år



Påske i Fusa S.4-5    «Ein høyrer det på målet» S. 6-7



**Quiz** om tru og haldningar blant medlemmane i Den norske kyrkja

S. 8

WALK & RUN 2024  
«laurdag 1. juni»

Walk and Run  
S.14-15



Helsing frå Helga Holmefjord Lobaugh  
S. 16-17

# FUSA sokn

## Fusa kyrkjecontor

**FJORD'N SENTER 2. HØGDA**  
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen  
Tlf. 56 58 01 81  
E-post: post.fusa@kyrkja.no

### Kontortid

Mandag - fredag kl.09.00-14.00  
Prest og organist har fridag måndag.

### Sokneprest

Einar Ekerhovd 91 38 29 64  
**Dagleg leiar/Fung. kyrkjeverje**  
Hans Einar Markhus 95 93 65 80

### Trusopplæring

Norunn Rød Markhus 91 63 77 13  
Gry Jeanette Mjelde 93 49 62 26  
Hildegunn Myrlid Eide 97 65 01 55

### Konsulent

Ingebjørg Sundfjord Gjøn 97 71 17 23

### Kantor

Iman de Zwarte 95 03 93 33

### Soknerådsleiar

Sigbjørn Sundfjord 97 65 00 93

### Fusa frivilligsentral

56 58 01 14

### Kyrkjetenarar

#### FUSA KYRKJE

Rianne de Zwarte 46 68 03 96

#### STRANDVIK KYRKJE

Rianne de Zwarte 46 68 03 96

#### HÅLANDSDAL KYRKJE

Terje Rød 48 25 56 46

#### SUNDVOR KYRKJE

Øyvind Nordbø 48 30 52 59

#### SÆVAREID KAPELL

Terje Rød 48 25 56 46

**Gåver til kyrkjelydsarbeidet  
kan sendast Fusa sokneråd,  
bankgiro: 3530 25 86215  
eller VIPPS #90436**

**FUSA KYRKJEBLAD**  
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen

### Ansvaret utgjør:

Fusa sokneråd

### Konto for kyrkjebladet:

3530 25 86215

VIPPS #90436 legg til kategori:  
Fusa kyrkjeblad

**Bladpengar er kr. 250,- pr. år  
Utanbygds kr. 350,- pr. år**

### Framsida:

Måleri av Heidi Skår Dale.

Frå Tove Rolland og Heidi Skår Dale (ill).  
Mellom sol og skygge – 24 sju (2016)

**Måleriet blir auksjonert ut på Walk  
and Run-arrangementet 1. juni til  
inntekt for brannskadde barn**

### REDAKSJONEN:

Hans Einar Markhus [hm629@kyrkja.no](mailto:hm629@kyrkja.no)  
Toril Hjartåker Hauge [th298@kyrkja.no](mailto:th298@kyrkja.no)

## *Han er stått opp! Halleluja!*

Eitt av dei mektigaste kapitla i bibelen finn vi i 1. Kor. 15. Her dukkar Paulus ned i det faktum at Jesus faktisk er stått opp frå dei døde. Heile trua bli nagla fast til dette faktum.

**«Men har ikkje Kristus stått opp, er bodskapen vår tom, og tom er og trua dykkar»**



Sokneprest  
Einar Ekerhovd

Alt i vår kristne tru står og fell ved dette. Det er eigenleg dette det handlar om. Døden er ikkje slutten, men slutten på begynnelsen. **«Fordi døden er komen ved eit menneske, så er og oppstoda komen ved eit menneske»** argumenterer Paulus vidare i brevet.

Når Gud skapte mennesket, var ikkje døden ein del av bildet. Men vi kjenner historia. Fallet. Synda og døden sin inngang i verda. Om det ikkje var for oppstoda, så hadde Jesu liv og gjerning vore ein happening nokre år i ein avkrok i verda. Ei fantastisk forteljing om ein mann som gjorde store teikn og under, og som også hadde makt over døden den tid han vandra her på jord. Tre gongar viste han dette. Enkesonen i Nain, Jairus dotter og vennen Lazarus var alle døde, men fekk i møte med Jesus nokre år til her på jorda. Ved sine teikn og under, helbredelsar og oppvekking av døde viste han oss litt av det himmelske riket. Men det var noko meir enn berre nokre velgjerningar for lenge siden. Det skulle bli ein siger over døden som kunne bli alle menneske til del.

**«Men no er Kristus oppstaden frå dei døde. Han er førstegrøda av dei som har sovna inn. Deretter følgjer dei som høyrer Kristus til, når han kjem.»**

Her er vi midt inne i vårt kristne håp. **«Døden er slukt og sigeren vunnen»**. Vår forstand fattar det ikkje fullt og heilt, men trua grip det og klamrar seg til det. Det er ei framtid bak død og grav.

Apostelen Johannes fekk eit glimt av dette då Herren vitja han i eit syn på Patmos, og han høyrd røysta som tala: **«Sjå Guds bustad er hjå menneska. Han skal bu hos dei og dei skal vera hans folk, og Gud sjølv skal vera hos dei. Han skal vera deira Gud. Han skal tørka kvar tåre frå auga deira og døden skal ikkje vera meir, og ikkje sorg og ikkje skrik og ikkje pine.»**

Dette er vår oppstode! Inn i det evige. **«Død, kvar er din brodd?»**

Det seiest om nokre som blir veldig rik at dei kan le heile vegen til banken. Og vi har noko meir. Vi kan le heile vegen til himmelen! Takk, Jesus!



Foto:Terje Peersen / Den norske kyrkja





# Foreldre/besteforeldretips til høgtidsmarkering med barna!



Også dette året har mange foreldre valt å døype barna sine i kyrkjene våre her i Fusa sokn. For eit bra val! Me vil jo gje barna våre det beste av alt, og nettopp dåp til tru og tilhørsle med den treeinige Gud, trur me som kyrkje ER det beste me kan gje barna våre! I dåpen blir barna Guds barn og del av Guds familie - den kristne kyrkjelyden - som er lokal og global! Dette må barnet få vite om og leve i! Saman med kyrkjelyden tek alle foreldre på seg oppgåva med å gje dåpsbarna hjelp til å leve det gode livet med Jesus. Men korleis gjer me det? Å oppdra eit barn til kristen tru, kan verke som ei stor oppgåve, men kanskje det ikkje er så komplisert likevel? Årets gang med høgtidene våre er eit fint tilknytingspunkt til å gje barna «mat for trua».

Her er nokre tips til aktivitetar i heim og kyrkje no når me går inn i påskehøgtida:

- **Les bibelforteljingane!** Mange 4-åringar har fått bibelboka «Min biletbibel» i høve 4-års dåpsdag. Vår oppmoding er: Lag ein lun lesekrok og les påskeforteljinga saman. De finn ho som forteljing nummer 20 og 21 i bibelboka. Om de ikkje har denne bibelboka, bruk den de har.



Ill: Verbum forlag

- **Ta barna med på tilstellingar i den lokale kyrkja.** Du finn informasjon på nettsida vår, i lokalpressa eller på facebook (følg Fusa sokn). Det finst ulike tilbod: Fjord'n barnekor øver i Eikelandsosen bedehus, her finst det også Tweens-klubb, og Songbuketten møtest jamt og trut i bedehuskjellaren på Nordtveit. Ta gjerne også barna med til gudsteneste. I den stille veka er særskilt palmesøndag barnas dag. Då blir det palmetog i Sundvor kyrkje kl. 11.00

- **Lag ei påskegrav!** Å markere julehøgtida er lett å gjere med borna. Mange familiar har kanskje ei julekrubbe å setje fram. Men kva gjer me i påskehøgtida? Mange pyntar med påskeegg og kyllingar. Også desse kan fortelje oss sanningar om kristen tru: som kyllingen sprenger seg ut gjennom skalet som ser livlaust og dødt ut, slik sprengde også Jesus seg ut av grava og døden. Han var død, men vann over døden og lever i dag! Dette er også vårt kristne håp. Eit veldig konkret tips er å få lage til ei tom påskegrav heime. De treng berre nokre pinnar, litt hyssing, ei tom bøtte, steinar, mose, jord og karsefrø - eller (sjå biletet). Ei slik konkretisering av den kristne påskebodskapen kan gjere det lettare å feire den kristne påskehøgtida i heimen.

- **Syng ein påskesalme:** Denne er lett å synge;

PÅ GOLGATA STOD DET EIT KORS, JESUS HANG PÅ DET KORSET.  
I HAGEN VAR DET EI GRAV, JESUS LÅG I DEN GRAVA.  
MEN KORSET ER TOMT, GRAVA ER TOM, JESUS STOD OPP OG HAN LEVER.  
MEN KORSET ER TOMT, GRAVA ER TOM. JESUS STOD OPP OG HAN LEVER!

**Alt godt for påskehøgtida i heim og kyrkje-til store og små!**

Påskehelsing frå Norunn – kyrkjelydspedagog



Foto: 123homeschool4me




# Vi feirar p




## Palmesøndag, 24. mars

Jesus var ofte i Jerusalem for å feira påske. Men denne påska skulle bli annleis, og det visste han. Då Jesus og følgjet hans kom til byen, bad han disiplane finna eit esel til seg. Han sette seg oppå det og rei inn i Jerusalem. Folket hylla han som ein konge: «Hosianna, kongen vår er komen!» Dei la kapper og palme-greiner på vegen framfor han. Denne dagen er blitt heitande palmesøndag, og me feirar han i lag i **familiegudsteneste i Sundvor kyrkje, 24. mars kl. 11.00.**



## Skjærtorsdag, 28. mars

Lærersteinane og Jesus samla seg for å eta påskemåltidet. Det var og er skikken for jødane. Ved inngangen til måltidet vaska dei føtene, noko som var nødvendig sidan dei brukte opne sandalar i ørkenstøv og skit, og låg ved bordet når dei skulle eta. Vanlegvis var det tenrarar som sette seg ned på golvet og gjorde jobben, men denne dagen ville Jesus vaska alle 24 lærerstein-føtene. Slik viste han korleis han vil at me skal tena kvarandre. Litt uti måltidet braut Jesus brødet og delte vinen. Han bad oss å gjera det same, til minne om han. Disiplane tok imot det han gav dei ved bordet, men då dei gjekk ut i Getsemane-hagen, og han bad dei vaka medan han gjekk for å be, sovna dei, og Jesus vart åleine i dødsangsten sin. Me minnest denne kvelden med **nattverdsgudsteneste i Strandvik kyrkje kl. 19.00.**



## Langfredag, 29. mars

Langfredag er Jesu krossfestings- og lidingsdag. Vi samlast såleis til ei stillferdig gudsteneste, då me minnest kva Jesus var viljut til å gå gjennom for vår skuld. Dette er likevel ikkje berre ein sorgjedag. Den engelske nemninga for langfre-dagen, "Good friday" – den gode fredagen – minner oss om at dette også er takksemda sin dag.

Gudstenesta er bygd opp kring komposisjonen «Jesu syv ord på korset» av Kjell Mørk Karlsen. Kyrkjekoret saman med tekstslesar drar oss inn i ein medita-sjon kring det Jesus sa medan han hang på krossen. Ved hjelp av salmen «Gå under Jesu kors å stå» vert også vi som kyrkjelyd invitert til å ta aktiv del i denne meditasjonen, samstundes med at vi «eigengjer» oss orda som Jesus uttalte. **Langfredags-gudstenesta vert i år i Sævareid kapell 29. mars kl. 11:00.**



# åske i Fusa

## Påkenatt, 30. mars

Trass i vakhaldet og den store steinen framfor Jesu grav, hende det som Gud hadde planlagt: «Dette er natta då Kristus braut dødens lekkjer, og sigrande stod opp frå dødsriket». Altertavla i Hålandsdal kyrkje lyser mot oss, med ein sigrande Jesus som har overvunne døden. Me feirar overgangen frå døden til livet i ei gudsteneste med a-cappella song og stearinlys, skriftlesing og andakt. **Hålandsdal kyrkje, påskeaftan 30. mars kl. 23.00**


## Påskedag, 31. mars

Og sjå; steinen var rulla vekk og grava var tom. Jesus er stått opp, ja han er sanneleg stått opp! Det er fest i kyrkja når me feirar at Jesus har vunne over døden og lever mellom oss no. Påskedag og det som skjedde då, er opphavet til kristen tru og gudstenestefeiring. Vi feirar med festgudsteneste i **Fusa kyrkje, påskedag kl. 11.00.**

## 2. påskedag, 1. april

Etter Jesu oppstode viste han seg for læresveinane og fleire andre. Det vil han gjera for menneska i dag òg. Gud er synleg på forskjellige måtar, også i naturen. Denne dagen feirar me med fri-luftsgudstenste ved

**Hafskorvatnet kl. 12.00.**



Alle illustrasjonane er teikningar av den franske kunstnaren Gustave Doré (1832-83).

Kjelde: [en.wikipedia.org](https://en.wikipedia.org).



# «Ein høyrer det på målet»

Preike ved dialektgudsteneste i  
Strandebarm 17.09.23,  
tekst: Mark 7,31-37

«Dialekten røper deg!». Slik står det i bokmåls-bibelen. På nynorsk er det blitt «det kan ein høyre på målet ditt». Men om ordvalet er litt ulikt er saka den same, og den var dramatisk. Jesus var tatt til fange. Læresveinane hadde rømt, men Peter hadde snike seg anonymt inn i borggarden for å følge rettssaka mot Jesus. Der vert han gjenkjend, men nekta, ja, bannar på at han ikkje kjenner Jesus. Då er det dei seier: «Jau visst er du ein av dei. Det høyrer ein på målet ditt.» Dialekten røpa han. Ikkje fordi han tala noko slags religiøs dialekt. Men fordi han, til likt med Jesus og dei andre læresveinane, var galilear, og det høyrde ein på målet. Dei tala beint fram galilear-dialekt.



Peter fornekta Jesus. Teikning av Gustav Doré (1832-83).  
Kjelde: en.wikipedia.org.

## Inn i den lokale kulturen

Det kan høyrest ut som eit billeg poeng på ei gudsteneste under dialektfestivalen. Men det seier noko grunnleggjande om ikkje berre målet sin karakter, men om den kristne trua sin karakter. Då «Ordet vart kjøt», som det står, då Gud vart menneske i Kristus, så skjedde det så grundig han gjekk ikkje berre inn i tid og rom, men jamvel inn i ein lokal kultur, ja, faktisk inn i den stadeigne dialekten. Og den kulturen og den dialekten Jesus gjekk inn i, var altså galileisk. Det gav ikkje mykje status, - tvert om. Galilearane

Roar Strømme

Sokneprest i Fusa  
2005-2015,  
no vikarprest i  
Øystese og Ålvik.



Foto: Privat

var jo ein slags jødiske strilar eller hardingar, som var godt i utkanten av den politiske, kulturelle og religiøse makta i Judea og Jerusalem. Så ville dei opp og fram var det svært freistande å legge om målet når dei var hos fin-folket. Slik det var for oss rundt Bergen når vi kom til byen og skulle menge oss med byfolket. Men både Jesus og læresveinane gav ikkje opp sin galileiske identitet og tala målet, sjølv om det kunne gå på livet laus, slik det faktisk gjorde for Peter. Så veit vi korleis det gjekk med både Jesus og Peter. Jesus vart avretta, medan Peter kom seg unna. Men etter oppstoda får læresveinane dette engleboden: «Han skal gå føre dykk til Galilea, der skal de få sjå han.» Igjen vart dei altså sende til sine heimlege trakter og sin eigen kultur for å møte Jesus. Ja, for å leve i trua på den oppstadne der. Slik vart den kristne trua fra Jesu kome til Jesu oppstode røtt i den lokale kulturen og målet, ja, jamvel dialekten. Det har ho vore sidan. Slik har evangeliet vorte forkrynt på folkemålet frå pinsedag, då menneske av ulike folkeslag og språk fekk høyre evangeliet på sitt eige mål.

## Gresk, arameisk – og del i eit fellesskap

Rett nok skreiv evangelistane evangeliet på gresk, og ikkje på talemalet arameisk, for å nå heile den gresktalande verda. Gresk var jo den gongen om lag som engelsk er i dag. Men midt i den greske teksten ser vi at når dei fortel om noko som har gjort særleg inntrykk på dei, ja, då brukar dei arameiske ord og uttrykk, slik dei kom frå Jesu munn. Eit sterkt døme på det er nett evangelieteksten i dag. Der høyrde vi midt i forteljinga på norsk at det Jesus sa til den døve, vart attgjeve på arameisk: «Effatal!». Det er: «Lat deg opp!». Når dette hadde brent seg så fast i minnet at dei attgjev det på originalmalet, så handla nok det ikkje berre om at det var eit oppsiktsvekkjande under, men at det handla om å høyre og å tale, altså om ordet. Ordet er jo sjølv kjelda til både jødisk og kristen kultur. «I opphavet var Ordet» som det heiter i opninga av Johannesevangeliet. Ved Ordet skapte Gud verda, i Kristus kom Ordet til oss, og ved Ordet kjem vi til tru og vert kveikte til teneste. At denne mannen gjennom Jesu under fekk nytte Ordet, tydde såleis at han fekk del i fellesskapet, ikkje berre sosialt, men også religiøst. Jesu under er jo ikkje kristelege sirkusnummer, men opning av fellesskapet med Gud og menneske. Ja, at dei som grunna si funksjonshemming eller sjukdom var hamna utanfor, vart tekne inn i kyrkje og samfunn.

Det tyder ikkje at dei som er døve står utanfor det kristne fellesskapet. Gud vere takk så er ikkje døve lenger avhengige av eit under for å kunne kommunisere med ord. Ikke minst har teiknspråket tydd ein revolusjon i det stykket. Og i dag er døvekyrkja ein eigen og høgst oppegående del av Den norske kyrkja, med eigne kyrkjebygg, sokn og døveprestar, i tillegg til at dei tek del i storfellesskapet.

## Bibel og skriftspråk

Slik har dei fått del i Ordet på sitt eige mål, til liks med eit ute språkgrupper over heile verda. Frå den fyrste tida har det jo heile vegen gått føre seg eit omfattande omsetjingsarbeid, slik at menneske skulle få høyre og tale Ordet på sitt eige mål. Ikkje sjeldan har dette tydd at ein måtte skape eit eige skriftmål. Slik har bibelutgåver og salmebøker på morsmålet hatt svært mykje å seie for å skape ein trygg identitet og ei i positiv forstand stoltheit over det som ein har med seg heimanfrå. Det Norske Misjonsselskap (NMS), som vi i dag skal gje takkofferet vårt til, har vore ein viktig bidragsytar til det. Eg har sjølv sett korleis undertrykte folkegrupper i Etiopia har fått ein trygg og stolt identitet, ikkje minst gjennom NMS og anna kyrkjeleg arbeid, som har gjeve dei Bibelen på deira eige mål og slik også utvikla skriftspråket deira.

## På folkemålet: Frå Luther til Blix

I den lutherske kyrkjefamilien har vi ikkje minst mykje å takke Luther sjølv for i dette stykket. Luther si hjartesak var jo forkynning av evangeliet på folkemålet. Dette var kombinert med at han var eit språkleg flogvit nærest utan sidestykke. I ei mengd og med ein kvalitet som er mest uskjøneleg produserte han såleis Bibel-omsetjingar, salmar og skriftstykke på eit tysk der han måtte nyskape ei mengd tyske ord. Slik er han blitt kalla det tyske språket sin far.

Denne tradisjonen fekk vi også del i gjennom den dansk/norske lutherske kyrkja. Då målrørsla vaks fram i Noreg var det såleis særskilt viktig for både målfolk og kyrkjefolk å få dei sentrale, kyrkjelege tekstane på nynorsk. Ivar Aasen var sjølv med på dei fyrste omsetjingane av Bibel-tekstar. Men seinare vart Elias Blix, teolog og språkforskar, den drivande krafta i dette. I Store norske leksikon kan vi såleis lese at «Den norske kyrkja er ein av dei største suksesshistoriene til målrørsla, og Elias Blix er ein vesentleg grunn til dette.» Slik var han ei drivande kraft bak at når ein var kome til 1925 hadde han både Bibel, katekisme, salmebok og altarbok på nynorsk. Det viktigaste her var sjølvsagt Bibelen, men også salmeboka kom til å bety mykje for at menneske fekk ta imot og uttrykkje trua si på sitt eige talemål.

## Diktarpresten Hovden i det heimlege

I det storarbeidet som Peter Hognestad, Anders Hovden og Bernt Støylen la ned i Nynorsk Salmebok, ser vi at dei også prøver å nytte norsk natur og kultur i det poetiske uttrykket. Det gjeld ikkje minst diktarpresten Anders Hovden. Hovden var ein meister til å spele på det heimlege både i salmar og preiker, slik at folk kjende seg att i det som vart formidla. Nokre gongar glapp nok dette litt, som ein gong han preika ved gudstenesta i min barndoms kyrkje i Sykkylven. Hovden visste at mange i kyrkja var fiskarbønder, og slo til med eit bilet på fjordfisket: «Guds rike er å likne med eit sildesteng på Storfjorden. Gud hjelpe dei som er utanføre!» Eg vil tru at dei fleste fiskarane tykte meir synd på den silda som var innanføre enn den som var utanføre. Men vi får tru at dei tok det i beste meining.

I alle høve har det vore til stor velsigning er at vi har fått bruke vårt eige mål i tru, tilbeding og teneste. Slik har vi verkeleg opplevd at «Ordet var menneske, og tok bustad mellom oss», som evangelisten Johannes skreiv. Vi trur på ein Gud som har stige inn i vår verd gjennom Jesus Kristus. Som vart heilt og fullt menneske, også ved å tale som oss, slik at han kunne ta del i det som er vårt, og vi kunne få del i det som er hans.



Anders Hovden (1860-1943), norsk prest og forfattar, no mest kjend som salmediktar.

Foto: K. Lødahl/Nynorsk kultursentrums

## Med vårt eige – i Guds store rom

Difor er vi her i Strandebarm kyrkje, der det er mykje himmel og mykje jord. Her får vi bruke vårt eige mål og vår eigen kultur. Men her vert også alt dette løfta inn i ein større samanheng. Ikkje berre i den verdsvide kyrkja som vi deler vår tru og vedkjenning med, og slik femner om alle dialektar og talemål, ja, nasjonar og kulturar. Men i alt dette er vi i Guds store rom. Der det som ikkje er kome opp i nokon menneskeleg tanke kjem til oss: Ordet om Guds nåde i Kristus, som opnar fellesskapet med Gud og menneske for oss. Gud til ære og oss til gagn.

Artikkelen vart i 2023 trykt i bladet «Stille stunder» der bladets redaktør, Ivar Molde, la til denne kommentaren: «Roar Strømme har lang fartstid som prest i Bjørgvin bispedøme: i Indre Sogn, Midhordland og no i Hardanger. Her med ei preike i haust frå dialektfestivalen i Strandebarm (som dessutan er staden der Jon Fosse vaks opp). Nokre mellomtitlar er sette til.»



# Quiz

## Kor godt kjenner du medlemmane i Den norske kyrkja – statistisk sett? Test deg sjølv med denne quiz'en.

I fjor haust gjennomførte Den norske kyrkja ei undersøking blant medlemmane sine om haldningar og erfaringar knytt til kyrkja. Undersøkinga føregjekk på nettet, og eit representativt utval av medlemmar vart spurd, til saman 3838 personar frå 15 år og oppover.

Korleis trur du medlemmane svarde på spørsmål om kyrkjebesøk, tru og bøn, dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd? Få svar på det ved å ta denne quizen. Den inneheld nokre av spørsmåla i undersøkinga. Set ein ring rundt det svaralternativet du trur er riktig, og sjå fasiten på s.17 her i bladet. Alle prosental er avrunda til nærmeste heile tal.

Tekst: Toril Hjartåker Hauge



Foto: Kristian Birkeland / Den norske kyrkja.

|     |  | Svaralternativ 1   | Svaralternativ 2   | Svaralternativ 3   |
|-----|--|--|--|--|
| 1.  | Kor stor del av Noregs befolkning er medlem i Den norske kyrkja?   | 93%  | 80%  | 61%  |
| 2.  | Kor stor del av medlemmane har <b>besøkt ei kyrkje</b> minst éin gong dei siste 12 månadane?   | 80%  | 72%  | 67%  |
| 3.  | Kor stor del av medlemmane akta å <b>besøka ei grav</b> i løpet av desember:2023?  | 48%  | 30%  | 17%  |
| 4.  | Kor stor del av medlemmane ville valt <b>kyrkjeleg konfirmasjon</b> dersom dei skulle konfirmert seg ne?   | 72%  | 65%  | 59%  |
| 5.  | Kor stor del av medlemmane ville valt <b>kyrkjeleg viing</b> dersom dei skulle gifta seg no?   | 85%  | 73%  | 59%  |
| 6.  | Kor stor del av medlemmane ville <b>døypt</b> barnet sitt dersom de vart forelder no?  | 77%  | 60%  | 56%  |
| 7.  | Kor stor del av medlemmane ville <b>ikkje valt kyrkjeleg gravferd</b> dersom dei dødde no?   | 7 %  | 3 %  | 1 %  |
| 8.  | Er det ein større <b>prosentdeldel av menn</b> som ville valt kyrkjeleg konfirmasjon, vigsel, dåp og gravferd, eller ein større <b>prosentdel av kvinner</b> ? | Det er ein større prosentdel av menn enn av kvinner som ville valt desse kyrkjelege seremoniane. | Det er ein større prosentdel av kvinner enn av menn som ville valt desse kyrkjelege seremoniane. | Det er ingen signifikant forskjell mellom kjønna i desse vala. |
| 9.  | Kor stor del av medlemmane <b>ber til Gud</b> minst éin gong i året?   | 80%  | 74%  | 48%  |
| 10. | Kor mange av medlemmane svarer at dei <b>trur på Gud</b> heile tida eller av og til?   | 52%  | 41%  | 30%  |
| 11. | Kor stor del av medlemmane svarer at <b>Gud ikkje finst?</b>   | 46%  | 37%  | 21%  |
| 12. | Kor stor del av medlemmane svarer at <b>Gud styrer alt som skjer?</b>  | 22%  | 17%  | 5%   |



## Stjerneelv

Når sola lagar stjerner  
ei heil elv av stjerner  
som følgjer meg  
som vil vera med meg  
Når sol og stjerneelv  
glimrar om kapp  
som om dei blunkar  
oppmuntrande til meg  
og seier:  
**Du er ikkje aleine  
me passar på  
og ja, me kjem igjen  
ein annan vårdag**

Tekst: Tove Rolland  
Illustrasjon: Heidi Skår Dale  
frå diktsamlinga *Mellom sol og skygge – 24 sju*  
(Publica bok 2016)

Heidi Skår Dale har gjeve dette måleriet sitt til inntekt for brannskadde barn i Etiopia. Saman med diktsamlinga *Mellom sol og skygge – 24 sju* vil det bli auksjonert ut på arrangementet Walk and Run i Eikelandsosen laurdag 1. juni.

## Anderz Eide las Jon Fosse



## Konfirmantar i Fusa sokn 2024

**Sundvor kyrkje laurdag 4. mai**  
Isak Gjerdevik Tveit  
Kristine Anu-An Malkenes

**Fusa kyrkje søndag 5. mai**  
Amanda Rykkje Hjellvoll  
Emilie Milde Vatnedal  
Emrik Furubotn Storum  
Helena Karin Gjerdevik  
Hilde Almås-Opheim  
Inge Jia Ådland  
Isa Mathea Holmefjord Lyhammar  
Leon Sebastian Øygard Store  
Nikolai Rødseth Berge  
Serina Storum

**Hålandsdal kyrkje laurdag 11. mai**  
Hannah Lyhammar Sævareid  
Isak Matheo Mella Kvamme  
Linea Tveit Gjerdevik  
Mathilde Eikeland Gjøen  
Nathalie Rynning Berg Johannessen  
Ruben Aleksander Apalset Henriksen Aase  
Thea Karin Skaftun  
Trond Markhus

**Strandvik kyrkje søndag 12. mai**  
Iver Merkesdal  
Nils Olav Jordalen Holven

I samband med at Jon Fosse vart tildelt Nobelprisen i litteratur i fjar haust, kom skodespelaren Anderz Eide heim til Hålandsdalen for å lesa ein del av verket hans. Det skjedde i Hålandsdalen kyrkje 28. januar. Framfor over 130 tilhørarar las han romanen «Morgon og kveld» frå perm til perm. Det heile tok nesten tre timer, inkludert ein kaffipause. Det var stemningsfulle, minneverdige timer. Anderz Eida sa han var glad for å formidla Nobelprisvinnaren Fosse i kyrkja «si»; dei frammøtte var ikkje mindre glad for å møta han og høyra han. Arrangørar var Bygdeutvalet i Hålandsdalen og Fusa sokn.

Foto: Hans Einar Markhus



Bedehus-historier:

## Det vakraste bedehuset – «Fredheim» på Vinnes

Tekst: Astrid Heidal

Den vakre tømmerstova på Vinnes var lenge mykje i bruk som bedehus. Når folk samlast, var det tale, song og spel under den høge himlingen. Tallause møteveker vart alltid avslutta med fest om søndagen. Basarar, gravferdssamlingar og andre tilstellingar var òg ein del av aktiviteten i «Fredheim».

Men tidleg på 1960-talet, då grendahuset på Vinnes stod ferdig, vart det etter kvart minkande aktivitet i bedehuset. Mykje av årsaka var nok manglande syn og interesse for bedehus- og lekmannsarbeid, men fram til først på 1900-talet vart det halde møte i huset.


### Vekking

Ved skiftet mellom 18- og 1900-talet vakna det organiserte lekmannsarbeidet i Fusabygdene. Vekkingane i 1904 og 1910 breidde seg også til Vinnesleiren. Men bygda hadde lenge hatt ei foreining som arbeidde for Det Norske Misjonsselskap. Emissærar for indre- og ytremisjon hadde møte på Vinnes tid om anna.

Den første store vekkinga i Vinnesgrendene kom med Mons Hårvik i 1914-15. «Då vart der liv og rørsle på mange vis,» står det å lesa i Skaathun si bygdesoge. Hårvik budde på Lillelid på Skjørnsand, og hadde fått lov til å ha møte i skulehuset på Vinnes 3. juledag. Musikklaget i bygda var svært aktivt, og spela på allslags tilstellingar, både til dans og til oppbyggingsmøte.

Ein Kina-misjonsven i bygda lika lite at Hårvik bad det verdslege musikklaget spela på eit vekkingsmøte. «..det måtte vera måte på samrøre,» meinte han. Men Hårvik hadde svaret klart. «Så lenge du kan la meg bruka tre timer på å la meg gå til og frå møte, har du visst rørt saman kristendom og verdslegdom som lite høver seg for ein som er med i Kina-misjonen. Her må det ofrast, og du burde gjeve meg husrom.» Slik slösing med tid var like ukristeleg som å ha verdsleg song og spel på eit vekkingsmøte, meinte Hårvik.

Og julefest var det, med talar og musikk, og folk lika seg. Men vitnemøtet han oppmoda til etter festen, var taust. Ingen hadde noko å vitna om. Så spurde han musikklaget om ein song til. Men dei hadde ikkje meir på lager, dei heller. Då spurde han om nokon ville gjera til kjenne at dei ville høyra Gud til. Då steig leiaren i musikklaget fram og sa at han hadde ført folk på galne vegar. Han bad om forbøn. Fleire i musikklaget kom fram og bad om frelse. Det braut ut ei stor vekking over bygda etter dette. Hårvik heldt 99 møte mellom jul og påske.



«Fredheim» er det nest eldste bedehuset i Fusa.

Slik såg det ut i 1990 då det var 72 år gammalt.

Foto: Erik Vangnes. Kjelde: Lokalhistorisk arkiv, Bjørnafjorden.



Vinnes, sett frå sjøen mot skulen og bedehuset. Fotografiet er teke ein sommardag i slåtronna i siste halvdel av 1950-talet. Skulen står midt i bildet på oppsida av horudvegen. Gamleskulen frå 1905 var blitt riven i 1954, og det var bygd ny i bakre kant av skuletomta, dels med gjenbruk av materialane frå gamleskulen. Bedehuset «Fredheim» frå 1918 ligg t.h. for skulen.

Foto: Ukjend. Kjelde: Lokalhistorisk arkiv, Bjørnafjorden.



Tre store vindauge gjer godt dagslys i tømmerstova der tale, song og musikk ein gong runga under monetaket. Taket har til og med ein fjoreliknande opning i toppen.

Foto: Kulturbedehuset Fredheim si Facebook-side

## Det andre bedehuset i Fusa

No vart det fart i misjonsarbeidet, og planane om bedehusbygging på Vinnes skaut fart. Neset Kina- og Indremisjonslag vart skipa. Det andre bedehuset i Fusa vart bygd. «Fredheim» stod ferdig i 1918. Eldsjelene i byggjeprosessen var blant andre Engel Dysvik, Haldor Dalland, Lars Dalland og Magnus Skaathun. Dei hadde mange med seg, samla inn pengar på lister og på basarar. Arbeidet på huset tok til tredje pinsedag 1918. Hausten same året stod det ferdig. Det hadde kosta 11 500 kroner. Vigslingsfesten vart halden den 16. oktober.

Vinnes hadde fått eit tenleg møtelokale, og aktiviteten var stor i mange år. Misjons-organisasjonane som arbeidde for sjøfolk i inn- og utland, for samar, muslimar og unådde folkeslag ute i verda, brukte huset flittig til basarar og andre samkommer. Prestefrua, Elisabeth Marstrander, sette i gang med ein søndagsskule i 1910. Seinare overtok folk i bygda og dreiv søndagsskulen vidare i mange, mange år.

*Denne artikkelen vart først trykt i Os og Fusa-posten 28.04.1999, og er her noko redigert og nedkorta.*

### Fakta

Stad: Vinnes

Byggjeår: 1918. Huset er teikna av Magnus Dagestad på Voss.

Byggekostnad: kr 11 500

Namn: Fredheim

Eigar: Nesets Kina- og Indremisjon

Det siste årsmøtet for bedehuset vart halde 25.03.1973. Det har berre vore tre formenn i bedehuset: 1918-29 Engel Dybevik, 1929-58 Haldor Dalland, frå 1958 Hans Dalland.

Sidan 2011 er Fredheim eit kulturbedehus drive av Venelaget for Kulturbedehuset Fredheim. Her finn du stad kulturarrangement som konserter, utstillingar, seminar og basarar.



a) Ovnstopp

b) Ovnsluke

c) Blomar på listene

d) Parafinlampe



Foto: Kulturbedehuset Fredheim si Facebook-side.

Kjelder: Hans Dalland (munnleg kjelde).

O.B.Skaathun, Soga for Fusa, Hålandsdalen og Strandvik (1961). Ella Marie Brekke Vangsnes, Heilt andre tider . Bind 3 (2005). Bjørnafjorden kommune sine nettsider om museum og kulturminne.



## Retting i bildetekst til Bedehus-historier i Fusa kyrkjeblad nr.4 2023

Det er sveitserhuset heilt oppe til høgre i bildet, bak bedehuset, som tilhørde fotograf og telefonstyrar Ole O. Samnøen, ikkje det store sveitserhuset som står midt på bildet.

Foto: Ole O. Samnøen. Kjelde: Lokalhistorisk arkiv, Bjørnafjorden.



Din leverandør av takkonstruksjoner og precut

## L. HJERTNES AS



Hjertnes 30 - 5646 Nordtveitgrend  
Tlf.: 96 92 46 50  
post@lhjertnes.no  
[www.lhjertnes.no](http://www.lhjertnes.no)



P. H. Haugen  
Landhandel - Sævareid  
**tlf. 56583110**

e-post:  
[narbutikken.severeid@narbutikken.no](mailto:narbutikken.severeid@narbutikken.no)

**Fusa Ferdigbetong as**  
5640 Eikelandsosen

Betongpumping - ferdigbetong  
sand - singel - grus  
transport - maskinarbeid  
betongprodukter m.m.

**Tlf. 56 58 13 10**

Mobil 913 65 482 / 951 87 421  
E-post: [post@fusabetong.no](mailto:post@fusabetong.no)

**ah MALERMESTER  
ALF HJELLE & SØNN AS**

Utfører alt i maler- og golvbeleggbarbeid

Butikk i Fjord'n Senter

**FARGERIKE  
HJELLE**

Åpningstider: Kvardagar kl. 10.00 – 18.00  
Laurdag kl. 10.00 – 16.00

Tlf. 56 58 15 25 eller 915 46 880  
E-post: [firmapost@alfhjelle.no](mailto:firmapost@alfhjelle.no)

**SPAR**

## Fusa

Man-fre **07-21**

Lørdag **09-20**

**Tlf. 56582133**  
[spar.fusa@spar.no](mailto:spar.fusa@spar.no)

**Velkommen til hyggelig  
handel hos Spar Fusa!**

VARMEPUMPER, JERNVARER, HVITEVARER, BRUNEVARER,  
BILUTSTYR, BÅTUTSTYR OG FISKEUTSTYR

**BERGE ELEKTRONIKK**  
Tlf 5658 1386 - FAX 5658 1656 - MOB 9054 4766

Opningstider: **Man-Fre 10-17, Tors 10-18 og Lør 10-15**



# Eide

**STRANDVIK**  
Transport og Maskin AS  
# 5643 STRANDVIK strandvik.no dulten@online.no  
# 56 58 21 11 918 44 000 900 12 126 918 18 592

**Norheimsund**  
TRYKKERI AS

**Tlf. 45 85 32 46**  
[post@nhstrykk.no](mailto:post@nhstrykk.no)  
Steinsdalsvegen 187 A  
5600 Norheimsund  
*Grafisk design og trykkeri*

**FUSA AUTO A/S**  
BILVERKSTAD



**Fusa Auto AS**

Opsalneset 20, 5641 Fusa  
Tlf. 56 58 22 86  
Opningstid: mån-fre 07:30-16:00



[www.meca.no](http://www.meca.no)

**MECA**

**BYGGADMINISTRASJON  
Harald Bjørndal a.s.**  
PROSJEKTADMINISTRASJON - TAKSERING - KVALITETSUTVIKLING - OPPLÆRING

Tlf. kontor: 56 58 11 30  
Tlf. privat: 56 58 51 19  
Telefax: 56 58 11 99  
Mobil: 970 63 526  
E-mail: [post@byggadmin.no](mailto:post@byggadmin.no)

Postboks 103  
5649 EIKELANDSOSEN



# BUNNPRIS

Eikelandsosen

Man - fredag **8-21**

Laurdag **9-20**

Tlf. 56581245

bpeikelandsoesen@bunnpris.no



Eikelandsosen

Opningstid **8-21**

Laurdagar **9-20**

**Tlf. 56 58 00 90**

Fusa og  
Samnanger

GRAVFERDSBYRÅ

OMSORG VED LIVETS SLUTT

DØGNÅPEN TELEFON

56 58 15 09

SE MINNESIDER PÅ FS-BYRAA.NO  
BESTILL BLØMSTER, FRAKTFRI TIL VARE SEREMONIER  
VIA MINNESIDENE, PÅ HILDESBLØMSTER.NO  
ELLER VIA TELEFON 55 19 72 05

Vi er til hjelpe  
for deg og de  
nærmeste i tiden  
etter at en nær  
slektning eller  
venn har  
gått bort.

Du skal vite at  
du kan kontakte  
oss når som helst,  
dag eller natt. Vi  
har alltid tid til å  
hjelpe deg!

En verdig og  
trygg avskjed



BJØRNFJORDEN  
GRAVFERDSHJELP

Amfi Os (ing. øverste etg.) | Telefon **56 30 50 00**  
E-post [post@bjornfjordengravferdshjelp.no](mailto:post@bjornfjordengravferdshjelp.no)



## Tombre

[www.tombre.no](http://www.tombre.no)

**REISENE BESTILLER  
VI HOS:**

**TRAVELNET**  
**OS REISEBYRÅ AS**

2. etg. Flåten Amfi - kotoravdelingen

Tlf.: **56 30 43 00**

e-post: [os@travelnet.no](mailto:os@travelnet.no)

[www.verden.no](http://www.verden.no)

Følg oss på Facebook



**Tønnegården**

HANDVERKTRADISJONAR  
FRÅ BJØRNAFJORDEN



Samnøyvegen 60 - 5642 Holmefjord - Tlf. **91 99 30 40**  
[post@tonnegarden.no](mailto:post@tonnegarden.no) - [www.tønnegarden.no](http://www.tønnegarden.no)

PÅ TØNNEGARDEN KAN DU:

- sjå handverkarar i arbeid
- oppleve kultur og historieformidling på nært hald
- bestille selskapslokale, kurs og møtelokale

Følg oss på facebook og instagram.



**Hordaland A/S**  
Rørteknikk



■ 56 58 09 90

■ [hordalandrortechnikk.no](http://hordalandrortechnikk.no)

■ post@hrt.as

■ Holsundvegen 285  
5642 Holmefjord

Din VVS, VA, Vannkraft og Havbruk  
leverandør.

Godkjent lærebedrift i rørleggerfaget.

Besøk vår heimeside  
[www.fusa-kraftlag.no](http://www.fusa-kraftlag.no)

Din lokale kraftleverandør

**Stroyma**  
Fusa kraftlag

**5640 EIKELANDSOSEN**  
Tlf. **56 58 00 20**



**HERBALIFE  
ERNÆRING**  
Selvstendig Herbalife Medlem

Med produkter for:  
- vektkontroll  
- vitalitet og overskudd  
- kosttilskudd for trening og idrett  
- hud- og kroppspiele  
- inn- og utvendig ernæring

TA VARE PÅ HELSA DI!  
Sper etter gratis prøvepakke,  
uten forpliktelser.

Ring: 924 94 169

SIGNE GANGSTØ

E-post: [famgang@fusi.no](mailto:famgang@fusi.no)  
<https://signeg.goherbalife.com/nn-no>

**DE Rørleggerservice**

5645 Sævareid

Mobil: **915 87 002**

E-post: [deror@online.no](mailto:deror@online.no)



Sentralgodkjent rørleggerfirma



# VELKOMEN TIL familedag og folkefest

LAURDAG 1. JUNI 2024 KL.12.00-14.00  
på Tusenårspllassen i Eikelandsosen.

Alle inntekter går til å hjelpe brannskadde barn i Etiopia gjennom dr. Einar Eriksen sitt arbeid.

Vi spør oss: **Kor mange brannskadde barn kan vi hjelpe?**  
(gj.snittskostnad er om lag kr. 10.000,- pr barn)

Vi arbeider med å få enno fleire innslag på plass, men her er førebels program ved årets «Walk and Run»

- Fellesstarten der alle er inviterte med!
- Trillebårløp - vi gjentar publikumsfavoritten frå 2022!
- Årets nyheit! Dra-show - vi skal prøve å dra mange tonn - kva får vi til? Dette blir show! Meir informasjon kjem seinare.
- Bedriftsstafetten - dei første laga er allereie påmeldte! Vi oppmodar verksemder om å melde seg på! Sjå kontaktinfo under.
- Auksjon - sjå eigen notis under.
- Song- og musikkinnslag
- Bruktbuo er open. 50% på alle varer
- Dagslotteri arr. av Bruktbuo
- Ballaktivitetar
- Diverse premieringar, m.a. til eldste og yngste deltakar.
- Barnehagar og skular i Fusa sokn blir inviterte.

Ein skule har meldt seg på allereie, og arrangerer sitt eige Walk and Run!

**Detaljert program kjem i neste nummer av Fusa kyrkjeblad - og i andre medium - når familedagen og folkefesten nærmar seg.**

VIL DU ARRANGERE LOTTERI ELLER HA EIT ANNA ARRANGEMENT?

Er det barn eller andre som ynskjer å lage eit eige lotteri eller arrangement til årets aksjon? Sjå kontaktinfo under.

## AUKSJON!

Vi planlegg auksjon til inntekt for Walk and Run. Har du noko som du trur kan vere interessant eller spennande å auksjonere bort? Ta kontakt! Sjå kontaktinfo.

HAR DU RUND DAG OG YNSKJER Å GJE GÅVA TIL DETTE FØREMÅLET?

Ta kontakt om nokon ynskjer meir informasjon.

Du kan allereie no gje gåver til «Walk and Run 2024»  
Bankkonto 3530 25 86215 - Merk «Brannskadde barn».

Vipps . Søk opp Fusa sokn #90436 - «Brannskadde barn Etiopia».

Det er summen av små og store gåver og innsamlingar som til slutt vil gje det endelege resultatet. Vi treng di støtte, og saman med næringsliv, kommune, skular, barnehagar, lag/organisasjonar - som alle vert inviterte med - får vi engasjement - så blir det spennande å sjå kor mange barn vi greier å hjelpe i 2024!

## Kontaktinformasjon

Harald Geir Sæther, frivillig/koordinator for Walk and Run 2024, tlf.41662090 eller på epost: haraldgeir@yahoo.no

Fusa kyrkjekontor: tlf.56580181 eller epost post.fusa@kyrkja.no

Fusa frivilligsentral: tlf.56580114 eller epost fusa.frivilligsentral@kyrkja.no



Den Norske  
Kyrkja  
Fusa sokn



## Det nyttar å hjelpe

Her er ti brannskadde barn og unge som er opererte av dr Einar Eriksen og hans medarbeidrarar. Desse har fått hjelp ved innsamla midlar frå Walk and Run 2022. Vi har skadehistoria til alle saman. Vi viser biletet av desse ti, men har valt å skrive meir om skadehistoria til to av desse.



**Bilsuma 2 år**



**Burukan 6 år**



**Alelign 4 år**



**Bekadu 16 år**



**Duretti 9 år**



**Feyissa 12 år**



**Koryom 9 år**



**Bilise 5 år**



Her er Bobasa og mora, rett før utskriving frå sjukehuset.

**Bobasa**, Bobasa er ein 2 år gammal gut. Han har fått skåldingsskade (kokade vatn) på mesteparten av høgre arm. Han vart innlagt hos Children Burn & Wound Care Foundation i november 2022, og operert same månad. Etiopisk personell står for all behandling av guten. Det vart eit topp resultat!



Til venstre ser vi brannskaden. På høgre biletet er sjølv transplantasjonen utført, og såret gror.

**Emamiye** er ei 20 år gammal kvinne. Då ho var 6 år, fekk ho ein skade som skulle endre livet hennar totalt. Blusen tok fyr då ho kokte kaffi til mor si. Det resulterte i ein djup skade på bryst, hals, hake og underleppa. Arrvevet som kom i etterkant av den akutte skaden, resulterte i eit stort handikap då Emamiye ikkje kunne lukke munnen - med dei sosiale følgjer det hadde for både ernæring og relasjonar til andre born og medelevar på skule. 14 år etter skaden meldte ho seg til universitetsstudiar i nord Etiopia, der ho budde. Hausten 2019 vart ho «oppdaga» av ein lege på universitetet som ønskte å hjelpe henne til Addis Abeba for behandling av skaden sin.

Emamiye vart operert på Children Burn & Wound Care Foundation si avdeling i mars 2020. Først i oktober 2022 kom ho på kontroll og fekk samstundes operert ein arrkorrektur i venstre alboge. I dag har Emamiye komme godt i gong med studiane sine i «Management and Administration».



- før og etter operasjonen, Emamiye



# Helsing frå Helga Holmefjord Lobaugh

Helga Holmefjord  
Lobaugh

Misjonær



**Ekteparet Helga H. og Rod Lobaugh er i misjonstenesten i Australia. Fusa sokn støttar tenesta deira gjennom bøn og offer i gudstenester. Helga var til stades ved gudstenesta i Fusa kyrkje 14. januar og fortalte der om arbeidet deira. Kyrkjebladet bad henne skriva den fine helsinga ned, så fleire kunne få ho med seg, og her er ho:**

I 1997 begynte reisa. Eg såg nok ikkje for meg då kor vegen ville ta meg, og at eg enno ville vera involvert i misjon no, snart 27 år seinare. Det heile begynte med ein Disipeltreningsskule (DTS) i regi av Ungdom i Oppdrag hausten 1997. Kort tid etter sende eg eit brev til Fusa kyrkjekontor, med førespurnad om kyrkjelyden ville støtta meg i arbeidet. Harald Geir Sæther kom nyleg over dette brevet då han rydda i gamle papir. Underleg nok sa dei ja til den knapt 20 år gamle misjonærspira, og sidan har Fusa sokn vore med meg, og etterkvart oss, på reisa. Ingvard Hageberg var ei god støtte dei første åra, og sjølv sagt Harald Geir, som har følgt oss opp over lang tid. Etter kvart har det kome nye folk til, og de har fortsett å stå med oss.

## I alle verdsdelar – unntatt Antarktis

Det som begynte som eit seks månaders kurs har utvikla seg til ei spennande misjonsreise gjennom mange land. Kina og Australia er dei landa me har budd fast i, men me har også arbeidd i Thailand, Indonesia, Filippi-

nene, Nepal, Mexico, England, India og Zimbabwe. Me budde sju år i Kina og dei siste 16 i Perth, Australia, som me framleis kallar heime.

Gjennom desse åra har me delt evangeliet på ulike vis, og undervist både store og små om mange forskjellige tema innan tru og liv. Det har vore dagar fylt med sjelesorgsamtalar, leik i barnehagen, vasking, kakebaking, fosterbarn, bygging av vassfilter, hus-

Gjennom alt dette har de vore med - med på å gjera det mogeleg. Det å vita at de ber for oss under gudstenestene er ei stor oppmuntring for oss. Og støtta me har motteke har alltid vore ei velsigning for oss og arbeidet.

## Chaplain - miljøarbeidar og sjelesørgjar

I løpet av desse åra har me ikkje teke eit lengre avbrekk frå tenesta. Men for

to år sida var situasjonen i heimen at tre av fem sleit med betydelege helseproblem. Me måtte rett og slett roa ned og evaluera og be over kva me skulle gjera. Eg valte å slutta som fulltidsarbeidar på YWAM (Ungdom i Oppdrag) sentret for å kunna ta meg av familien i denne perioden. Eg hadde allereie begynt å vidareutdanna meg til chaplain (ei blanding av miljøarbeidar og sjelesørgjar). Etter eit års "pause" og fokus på familien begynte eg å jobba deltid som chaplain på to offentlege barneskular. Dei fleste skulane her har ein chaplain. Dette er mi nye misjonsmark. Her kjem eg tett på livet til barn som veks opp i vanskelege situasjoner og har

behov for ekstra støtte i kvardagen. Sjølv om eg ikkje kan dela evangeliet direkte, er alle klar over at eg som chaplain representerer den kristne trua, og eg får mange mogelegeheter til å visa kven Jesus er gjennom det eg gjer og seier.

Rod har vore gjennom ein omfattande sjukdomsperiode sidan 2019. Situasjonen forverra seg over tid, og etter mykje fram og tilbake for å finna ut kva som var gale vart han endeleg operert for ein alvorleg skade på no-



Foto: Ingebjørg Gjøn

fellesskap, teambuilding, oppreiing av senger, møter, søndagsskuleseminar, bleieskift, planlegging, barneheimar, lærarkurs, papirarbeid, visumsøknader, gudstenester, venting, bønn, lov-sang, mange timar med bil, fly, buss, tog, båt og diverse andre framkomstmiddel. Det har vore språklæring og anna læring. Det har vore både leiarskap og etterfølging. Prøving og feiling. Nederlag og suksess. Gode dagar og dagar heilt på bånn. God mat og mat som har vore vanskeleg å svelga. Glede og sorger. Sjukdom og god helse.

kre av blodårene i hjernen for halvtanna år sidan. Sidan då har han vore i rehabilitering, og har sakte men sikkert blitt betre. Han har nettopp fullført første året av mastergrad i internasjonalt utviklingsarbeid. Han er framleis tilknytta YWAM (UiO) men er ikkje fulltidsstab på senteret her no, sidan arbeidskapasiteten hans er redusert. Kva framtida bringer veit me ikkje sikkert enno. Ved siden av studiane hjelper han enno til med visumsøknader og litt undervisning på senteret. No er han også i gang med arbeidet med vassfiltrering igjen.

### Biosandfilter og evangeliet - Reint vatn og levande vatn

Rod reiste nyleg til Zimbabwe der han underviste om biosandfilter. Dette er ein enkel og billig teknologi som er forholdsvis lett å spreia vidare. Dette var den andre gongen han var der, og denne gongen var fokuset å læra dei slik at dei kan læra det vidare til andre. I løpet av veka han var der, var nokre av dei i stand til å ta over undervisninga. I etterkant fekk me melding om at dei politiske leiarane i regionen på 150 000 menneske har bedt om hjelp frå YWAM

senteret, og ønsker at denne teknologien skal bli tilgjengeleg for heile området. Dette opnar også dører for evangeliet. Det har me og sett i Nepal, der kyrkjepantalar har lært teknologien. Bygging av vassfilter og kyrkjelydar skjer side om side. Reint vatn og levande vatn.

«Kallet handlar ikkje om det me får til utad, men om den daglege vandringa med Jesus, gjennom gode og mindre gode dagar. Det handlar ikkje om kva me får til, men om kva han har fått til og får til gjennom oss når me vandrar med han.»

Dei siste åra har altså bydd på litt forandringer. Me held framleis same kurs, men er på eit litt anna fartøy med ein annan arbeidsmåte. Me set stor pris på at de fortset å følgja oss gjennom desse forandringane. Som sagt har det vore mange dagar

der me ikkje kjenner oss på topp, slik er livet for oss alle. Når ting er vanskelege, spesielt på heimebane, føler ein seg gjerne unyttig i Guds rike, fordi ein ikkje har krefter eller kapasitet til å nå ut til andre. Då har det vore godt å komma tilbake til at kallet først og fremst handlar om å vera Guds barn, uansett korleis situasjonen er. Kallet handlar ikkje om det me får til utad, men om den daglege vandringa med Jesus, gjennom gode og mindre gode dagar. Det handlar ikkje om kva me får til, men om kva han har fått til og får til gjennom oss når me vandrar med han. Og på underleg vis gjer han sitt verk midt i vår svakhet og unyttighet.

Romarane kapittel 8 minner oss om at ingenting kan skilja oss fra Guds kjærleik i Jesus Kristus. Og gjennom alt som kan vera vondt og vanskeleg her på jorda, "vinn vi meir enn siger ved han som elskar oss." Det er oppmuntrande ord å ta med seg i kvardagen, enten den er god eller mindre god.

## Fasit på quiz om medlemsundersøkinga s. 8.

Riktig svar

|     |  |  |
|-----|--|--|
| 1.  | Kor stor del av Noregs befolkning er medlem i Den norske kyrkja?   | 61%  |
| 2.  | Kor stor del av medlemmane har <b>besøkt ei kyrkje</b> minst éin gong dei siste 12 månadane?   | 80%  |
| 3.  | Kor stor del av medlemmane akta å <b>besøka ei grav</b> i løpet av desember:2023?  | 48%  |
| 4.  | Kor stor del av medlemmane ville valt <b>kyrkjeleg konfirmasjon</b> dersom dei skulle konfirmert seg ne?   | 65%  |
| 5.  | Kor stor del av medlemmane ville valt <b>kyrkjeleg viing</b> dersom dei skulle gifta seg ne?   | 59%  |
| 6.  | Kor stor del av medlemmane ville <b>døypt</b> barnet sitt dersom de vart forelder ne?  | 77%  |
| 7.  | Kor stor del av medlemmane ville <b>ikkje valt kyrkjeleg gravferd</b> dersom dei døydde ne?  | 7 %  |
| 8.  | Er det ein større <b>prosentdeldel av menn</b> som ville valt kyrkjeleg konfirmasjon, vigsel, dåp og gravferd, eller ein større <b>prosentdel av kvinner</b> ? | Det er ingen signifikant forskjell mellom kjønna i desse vala. |
| 9.  | Kor stor del av medlemmane <b>ber til Gud</b> minst éin gong i året?   | 48%  |
| 10. | Kor mange av medlemmane svarer at dei <b>trur på Gud</b> heile tida eller av og til?   | 52%  |
| 11. | Kor stor del av medlemmane svarer at <b>Gud ikkje finst</b> ?  | 21%  |
| 12. | Kor stor del av medlemmane svarer at <b>Gud styrer alt som skjer</b> ?   | 5%   |

Viss du vil lesa heile undersøkinga, gå inn på **Fusa sokn** si nettside [www.kyrkja.no/fusa](http://www.kyrkja.no/fusa)

Eit stykke nede på sida kjem du til «Nyhende». Der ligg undersøkinga som eigen artikkel med namnet «Medlemsundersøkelse 2023 ».



# Frå Kyrkjebøkene



## Dåp

### Eikelandsosen bedehus

10.12.2023 Edvin Hjartnes

### Fusa kyrkje

19.11.2023 Didrik Nerhovde Nordtveit

14.01.2024 Fillip Charly Storum

14.01.2024 Olai Grønsdal Aadland

### Hålandsdal kyrkje

21.01.2024 Natanael Emil Gangstø

21.01.2024 Lilli Bjaanes

18.02.2024 Sven Iver Rød



## Vigde

### Hålandsdal kyrkje

17.02.2024 Sara Helene Rønningstad og Asbjørn Sæther



## Gravferd

### Fusa kyrkje

07.12.2023 Arne Ålland, f. 07.09.1946

04.01.2024 Annemor Brekke, f. 26.07.1930

10.01.2024 Johannes Holmefjord, f. 23.05.1941

### Strandvik kyrkje

13.12.2023 Reidun Sandvik Djuvik, f. 17.10.1955

28.12.2023 Sverre Gulbrandsen, f. 16.03.1938

18.01.2024 Kjellfrid Annbjørg Dalland, f. 17.03.1934

### Sævareid kapell

22.11.2023 Kirsten Nelly Henanger, f. 29.07.1924

03.01.2024 Ingjald Markhus, f. 17.11.1932

09.02.2024 Audun Markhus, f. 16.01.1936

### Aakre gravplass

29.11.2023 Marit Skåthun Olsen, f. 01.01.1936

## Årsmøte Fusa sokn

Onsdag 10. april kl. 19.00 blir det årsmøte for Fusa sokn på Eikelandsosen bedehus. I tillegg til årsmøte med årsmøtesaker, skal sokneprest Einar ta oss med gjennom si 42 år lange presteteneste. Her blir det mange gode historier, mykje lått og løyje, men også sterke møte med både Gud og menneske. Så set av denne kvelden og bli med!



**Malerfirma**  
**Kenneth Samnøen**  
5640 Eikelandsosen

Alt innen malerarbeid og tapetsering



Tlf. 90 80 15 38

**Os Gravferdsbyrå as**

### Døgntelefon

**56 57 49 50**

Jorunn Moberg

Agnetha Øvreeide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørende som ønsker å gjera noko sjølv. Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

[www.osgravferdsbyraa.no](http://www.osgravferdsbyraa.no)

## Gravminne

Treng De hjelp til oppretting, sikring, reingjering og fornying av skrift på gravminne samt planting?

Me tilbyr også sal av nye gravminne med tilbehør (Eiker naturstein)

Har lang erfaring og gjer førehandspris

Ring 406 11 817

Leivmagnar.fosse@gmail.com



Prosjektering  
Rehabilitering  
Nybygg

### TA KONTAKT MED

**BYGGMASTER**



**SVENN C. STORUM**

951 56 327 storum@fusi.no



# Gudstenester i Fusa sokn

18.02.2024 – 30.06.2024

| Dato   | Kl.   | Stad                    | Gudstenesteform                     | Kyrkjeåret                   |
|--------|-------|-------------------------|-------------------------------------|------------------------------|
| 18.02. | 16:30 | Hålandsdal kyrkje       | Gudsteneste                         | 1. søndag i fastetida        |
| 25.02. | 11:00 | Fusa kyrkje             | Gudsteneste                         | 2. søndag i fastetida        |
| 03.03. | 11:00 | Sundvor kyrkje          | Gudsteneste                         | 3. søndag i fastetida        |
| 03.03. | 16:30 | Strandvik kyrkje        | Gudsteneste                         | 3. søndag i fastetida        |
| 10.03. | 11:00 | Fusa kyrkje             | Gudsteneste                         | 4. søndag i fastetida        |
| 17.03. | 11:00 | Eikelandosen bedehus    | Familiemix                          | Maria bodskapsdag            |
| 24.03. | 11:00 | Sundvor kyrkje          | Gudsteneste                         | Palmesøndag                  |
| 28.03. | 11:00 | Fusa bu- og beh. senter | Gudsteneste                         | Skjærtorsdag                 |
| 28.03. | 19:00 | Strandvik kyrkje        | Gudsteneste                         | Skjærtorsdag                 |
| 29.03. | 11:00 | Sævareid kapell         | Gudsteneste                         | Langfredag                   |
| 30.03. | 23:00 | Hålandsdal kyrkje       | Gudsteneste                         | Påskeaftan                   |
| 31.03. | 11:00 | Fusa kyrkje             | Høgtidsgudsteneste                  | Påskedag                     |
| 01.04. | 12:00 | Hafskorvatnet           | Friluftsgudsteneste                 | 2. påskedag                  |
| 06.04. | 16:00 | Eikelandosen bedehus    | NB! Laurdag! Konsert for heile fam. | Laurdag etter påskedag       |
| 14.04. | 11:00 | Fusa kyrkje             | Gudsteneste                         | 3. søndag i påsketida        |
| 21.04. | 11:00 | Strandvik kyrkje        | Gudsteneste                         | 4. søndag i påsketida        |
| 21.04. | 16:30 | Sundvor kyrkje          | Gudsteneste                         | 4. søndag i påsketida        |
| 28.04. | 16:30 | Sævareid kapell         | Gudsteneste                         | 5. søndag i påsketida        |
| 04.05. | 11:00 | Sundvor kyrkje          | Konfirmasjonsgudsteneste            | Laurd. e. 5. sønd. i påsket. |
| 05.05. | 11:00 | Fusa kyrkje             | Konfirmasjonsgudsteneste            | 6. søndag i påsketida        |
| 09.05. | 12:00 | Vollen, Baldersheim     | Friluftsgudsteneste                 | Kristi Himmelfartsdag        |
| 11.05. | 11:00 | Hålandsdal kyrkje       | Konfirmasjonsgudsteneste            | Laurd. e. 6. sønd. i påsket. |
| 12.05. | 11:00 | Strandvik kyrkje        | Konfirmasjonsgudsteneste            | Søndag før pinse             |
| 17.05. | 11:00 | Hålandsdal kyrkje       | Gudsteneste                         | 17. mai                      |
| 19.05. | 11:00 | Fusa kyrkje             | Høgtidsgudsteneste                  | Pinsedag                     |
| 20.05. | 12:00 | Vinnesholmen            | Friluftsgudsteneste                 | 2. pinsedag                  |
| 26.05. | 16:30 | Sævareid kapell         | Gudsteneste                         | Treeiningssøndag             |
| 02.06. | 11:00 | Eikelandosen bedehus    | Familiemix                          | 2. søndag i treeiningstida   |
| 09.06. | 11:00 | Hålandsdal kyrkje       | Lekmannsgudsteneste                 | 3. søndag i treeiningstida   |
| 16.06. | 11:00 | Fusa kyrkje             | Gudsteneste                         | 4. søndag i treeiningstida   |
| 23.06. | 11:00 | Strandvik kyrkje        | Lekmannsgudsteneste                 | 5. søndag i treeiningstida   |
| 23.06. | 16:30 | Sundvor kyrkje          | Lekmannsgudsteneste                 | 5. søndag i treeiningstida   |
| 30.06. | 11:00 | Fusa kyrkje             | Gudsteneste                         | Aposteldagen                 |

Det kan kome endringar i gudstenestelista.



# Informasjon

Avsendar:  
Fusa kyrkjeblad  
Postboks 73  
5649 Eikelandsosen

## Ettermiddagskonsert med 3 kor i Strandvik kyrkje

**Søndag 17. mars** vert det ein korkonsert med 3 ulike kor i Strandvik kyrkje: Os mannskor, blandakoret Sine Nomine og Fusa kyrkjekor. Konserten byrjar kl. 16:00, gratis inngang. Kollekt til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon.



## Bli med på konsertdag med familien Løsnesløkken!

### Sett av laurdag 6. april!!!

Då kjem familien Løsnesløkken og har konsert med oss i Fjord`n barnekor!

- Me møtest kl. 14.30 for øving.
- Kl. 16.00 inviterer me til stor konsert for alle som vil.**
- Staden blir Eikelandsosen bedehus

Familien består av Ragnar og Lena og dei tre barna deira David, Ester og Johanne!!



Me gler oss!!  
Helsing leiarane, Camilla, Sindre, Norunn og Hans Einar



I tillegg skal me få bli kjent med prosjekta dei driv gjennom organisasjonen **Håpets stjerne** som heilt sidan 1970 har kjempa for å gje barn i fattige land ein god start i livet i land i både Afrika, Asia og SørAmerika!! Sjekk ut korleis dei arbeidar på [www.starofhope.no](http://www.starofhope.no)

## Konserter i Hålandsdalen kyrkje

Fredag 12. april kl.19.00

**LOUISIANA WASHBORD FIVE** med lokal gjest  
**EVEN LYGRE** gitar, solist

Det er 3. året LOUISIANA WASHBORD FIVE er med og held konsert. Dei spelar tradisjonell gladjazz, mykje identsklik han vart spelt før. I 2023 hadde dei med Maria Louise Lister Midtrød som lokal solist. I år er vår eigen gitar-solist EVEN LYGRE med. Dei dyktige musikarane i LOUISIANA WASHBORD FIVE lagar ein stemningsfull konsert. Innslaga med gitar-solist EVEN LYGRE gler me oss til.

Fredag 31. mai kl.19.00

**MAGNOLIA JAZZBAND** frå Oslo med  
**MAJKEN CHRISTIANSEN** song, solist

MAGNOLIA JAZZBAND har feira 52 års jubileum. Dei har turnert i inn- og utland. Dei er spesielt kjende for kyrkjekonsertar. Med i MAGNOLIA JAZZBAND er rag-pianisten MORTEN GUNNAR LARSEN. Dette er 3. gongen han er med og held konsert i Hålandsdalen Kyrkje. Me hugsar det fantastiske pianospelet frå konserten 3. juni 2022 saman med Karin Krog.

Arrangørar for begge konsertane er Bygdeutvalet i Hålandsdalen og Fusa sokn

God påske

